

**Hund skal ha angrepe turgåarar**

03.02.2009

- **Gløym ikkje bandtvangen, seier fleire som gjerne går ein tur gjennom dalen og skal ha hatt mindre hyggjelege opplevingar med ein laus hund.**
- Til det opplyser Atle Helland at det ikkje er bandtvang no.**
- **Men det er sjølvsagt lov å bruka vet og sunn fornuft, legg han til.**

Dei som har henvendt seg til uskedalen.no kjem spesielt inn på ein bestemt hund som skal ha angrepe turgåarar to gonger. I det eine tilfellet beit hunden ein ungdom og i det andre tilfellet ein vaksen, blir det hevda.

- Det er ikkje minst viktig å passa på hundane av omsyn til ungane. Vi har høyrte om fleire som kvir seg for å ta den vanlege turen sin på grunn av denne hunden, seier ein av tugjengarane til uskedalen.no.

Eigaren av hunden stiller seg uforståande til at den skal ha vore involvert i dei to episodane slik dei er beskreve. Han seier at hunden i det eine tilfellet sto i band og at den i det andre tilfellet slett ikkje var så aggressiv som det blir hevda.

- Hunden er svært snill, seier eigaren.

Mange trur det er bandtvang i Kvinnherad heile året, men det er ikkje tilfelle. I kommunen gjeld for tida dei vanlege regler med bandtvang frå 1. april til 20. august.

- Men sjølv om hunden går fritt har ein ansvar for den og kva den føretar seg, understrekar Helland.

Forøvrig held Kvinnherad kommune på og utarbeidar forskrifter om bandtvang i kommunen.

Av Ola Matti Mathisen